



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 141.1

Sak nr 05/2023

Møtedato: 22.02.23

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Søknad om støtte til Kvislavegen

Det er motteke følgjande søknad om støtte frå Kvislavegen:

SØKNAD OM TILSKOT TIL SYNLEGGJERINGSTILTAK FOR KVISLAVEGEN

Styret i Kvislavegen ser av statistikken at det er nedgang i talet på hytteeigarar som fornyar/kjøper årskort for vegen. Sidan dette er inntektsgrunnlaget for vegen kan det på sikt bli utfordrande med mindre midlar til drift og vedlikehald om tendensen aukar.

Styret i Kvislavegen er opptatt av at det skal vere lett tilgang til fjellet både for bygdafolk og hyttefolk. Kvislavegen ynskjer difor å vere proaktive og skape ei positiv eigarkjensle hjå dei som soknar til vegen vår og andre brukarar. Vi har difor innført ein årleg kopp som dei med årskort får ved fornying/kjøp. «Syndinkoppen» har fotomotiv frå fjellet vårt og vere merkt med årstal, fyrste gong i fjar. Slik håpar vi folk vil gle seg over årskortet og bidra i solidaritet for å ha god veg også i framtidia.

Litt info om vegen og organiseringa: Kvislavegen (Vestre Lomen Utmarkslag/ Kvislavegen, Org nr 914 929 636) er eit veglag som er eigd av andelseigarar, dei fleste av desse er grunneigarar i Vestre Lomen Utmarkslag, medan nokre har andel fordi dei har støl i tilknytt vegen. Dette er regulert gjennom jordskifteverket. Vegstyret består av andelseigarar som blir valt av årsmøte (alle andelseigarane). Styrevervet er ikkje honoret, men baserer seg på dugnad og rullerar mellom andelseigarane. Kvislavegen kjøper tenester til vedlikehald og brøyting med midlane som ein får inn gjennom årskort, bom-passeringar og tilknytingsavgift. Det er ikkje lov å ta utbytte frå drifta av vegen, sidan det er ein ikkje-kommersiell veg. Når bom-prisar skal justerast blir dette vedtatt i styret, deretter av årsmøte, for så å måtte godkjennast av kommunen. Bakgrunn for kravet om godkjenning er nettopp at vegen ikkje har lov å ta inn meir i bom-avgifter enn kostanden for å drifte vegen.

Styret i Kvislavegen søker difor om tilskot / spons til innkjøp av koppar med fotomotiv som vi kan gje i gave til dei som fornyar/kjøper årskort også i år. Vi har fått pristilbod frå nokre profileringsfirma, desse ligg på om lag 12 000 kr for dei 150 koppane vi treng. Vi søker difor om 6 000 kr i tilskot / spons. Logoen til fjellstyret vil bli plassert på koppen om det er ynskeleg.

Det har i dei seinare år ikkje blitt gjeve økonomisk støtte til stølsvegar, Dette med grunngjeving i at med auka tal på passeringar/auka tal på hytter burde dei kunne ha økonomi til å drifte seg sjølve.

Motteke søknad viser ein negativ trend for Kvislavegen. Dei vurderer i denne runden fleire tiltak enn berre å setje opp pris for bompassering/ endre på eks driftsform for vinterbrøyting for å redusere utlegg. Dei oppgjev at dei i dag allereie ligg over dei andre vegane i pris. Grunna vefsamarbeidet stølsvegane imellom nyttar mange deira veg likevel, utan at dei får den inntekta.

Det å få ein «synleg bonus» gjennom ein årleg kopp for å støtte opp under vegen med å løyse årskort er jo ein ny tanke. Dersom fjellstyret skal gje støtte her er det det greit å tenke gjennom følgjande:

- Kva om dei andre støslaga søker om same/tilsvarande tiltak, har ein råd til å støtte også dei, jfr likebehandling
- Er dette i praksis ein søknad om eit årleg, fast tilskott eller berre eit eingongstilfelle.

Frå søker er dette tenkt som ein fleirårig løysing dersom den verker, men det er ingen føresetnad for dei om det vert fleirårig løysing med støtte – dei er uansett glade for tilskott berre i år.

Administrasjonen kan tilrå ei positiv haldning til omsøkte tiltak, dersom dette er eit oppstartstiltak der det berre tildeles støtte ein gong til dette føremålet. Det er uansett berre søkt om halvparten av summen, slik at stølsvegen betalar uansett sin andel av tiltaket. Det bør og setjast krav til at evt utbetaling skjer etter framvist kvittering, der det utbetalast maks ½ del av innkjøp av koppar, med eit tak på inntil kr 6 000,-.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret er positiv til motteke søknad fra Kvislavegen, og tildeler inntil kr 6 000,- under følgjande føresetnader:

1. Dette er ei eingongs støtte for eit oppstartstiltak
2. Utbetalning skjer etter framvist kvittering, der det utbetales $\frac{1}{2}$ del av kostnad for innkjøp av koppar.

Vedtak:

Fjellstyret er positiv til motteke søknad fra Kvislavegen, og tildeler inntil kr 6 000,- under følgjande føresetnader:

1. Dette er ei eingongs støtte for eit oppstartstiltak
2. Utbetalning skjer etter framvist kvittering, der det utbetales $\frac{1}{2}$ del av kostnad for innkjøp av koppar.

Samrøystes vedteke

I følgje §28 i forvaltningslova kan enkeltvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 23.02.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Kopi:
Kvislavegen
Slidre regnskap for føring